

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28. Fylke: Vest-Agder
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Gyland
 Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdelag: Nuland
 Oppskr. av: Lars Fr. Nuland Gard: Nuland
 (adresse): Nuland G.nr. 78 Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg minnest atende til 1890 åra. Far og mor drak kaffi til maten, me borna hadde helst ikkje serleg drikka til maten. Torstedrikken me brukte var helst blanda, som var laga av vatn og sur mjølk eller seup.

Primblenda kjenner eg ikkje.

Det var vanleg å bryggja heimebryggja øl til Jol og veitsler, og sumtid til slåttonna. Dei drak det ikkje til maten, men som torstedrykk utan om måltiderne.

Dei tok gjerne noke veikare øl etter at det besste var tappa av, som dei kalla tynndrikka, det nytta dei som torstedrikka til kvardags.

Øl og søt mjøl, skilt til dravle, skulde vera gott for forkjølelse. Det finnst folk som bryggjer endå, men det er omlag slutt. Eg var den fyrste som let vera å bruka heimebryggja øl i mitt brudlaup i 1915.

Kaffi var i bruk fyrr eg minnest, men det var bare for vaksne. Me borna skulde få kaffi i Jola, men ellerv ikje fyrr ein vart konfirmert.

Ein drikk kaffi nå til morgons og melommat, som me helst kallar, Kaffimat.

8). Ein kokar vatnet og hev fyrst malen kaffi på når vatnet er komen på kok. Salt i kaffien er ukjennt, men klaringskinn brukar sume.

Å spå i grut er lite kjennt, eg veit ikkje reglarne.

9) sukker brukar me bar til helgerne og veitsler.

untagen det hender ein har kaffi straks etter middagen så tek ein gjerne ein sukkermole,

Te er bruka av sume, men ikkje så var, som kaffi.

Teen er helst til kvelds. Det er helst kjøpete.

Brennevin er det mest slutt med, Det er bare ungdom som kjøper brennevin for å få seg rus. Men eg hugsar

frå barneåra,då var det ikkje mange som ikkje hadde ei flaska brennevin til Jol og i veitsler,brudlaup o.l. var det adskilleg kvanta brennevin.Gjeng me 70-80 år atende,var det mykje drikking. Å bruka brennevin til kvardags,ellr i onnetider,er ukjent nå.

13.) Nyare drikk,er saft og vatn, eplemost, limonade av aplesiskall,brus, vorterøl,Tomten.Men lite til kvardags.